



Evaluering av fødetilsynet

Fylkeslege Helga Arianson i Hordaland har evaluert det landsomfattande tilsynet som Helsetilsynet hadde med 26 fødeinstitusjonar i 2004. Ho har ved hjelp av spørreskjema og intervju undersøkt korleis helsepersonell og leiarar opplevde dette tilsynet.

Spørreskjemaundersøkinga omfatta alle leiarar og helsepersonell som blei intervjuet under tilsynet, til saman 208 personar. Så mange som 89 prosent svarte på spørreskjemaet. Måten leiarar og helsepersonell opplevde tilsynet på, blei brukt som eit indirekte mål på korleis tilsynsteama gjennomførte arbeidet. Det blei vurdert om tilsynet, slik det blei oppfatta av dei som svarte, blei gjennomført i samsvar med prosedyren til Helsetilsynet.

Undersøkinga viser at både leiarar og helsepersonell ved dei aktuelle fødeinstitusjonane tok godt imot det landsomfattande tilsynet. Dei som svarte, gir uttrykk for at framgangsmåten til tilsynsteama i hovudsak var i samsvar med prosedyren på dei områda som er undersøkte. Svara viser at konklusjonane blei oppfatta som korrekte av dei aller fleste fødeinstitusjonane. Det blir rapportert om mange endringar ved institusjonane som følgje av tilsynet. Talet på endringar som blir rapporterte, er uavhengig av om det blei påpeikt avvik eller ikkje. Det ser såleis ut som om tilsyn i seg sjølv bidreg til forbetringar. Og at det aktuelle tilsynet har bidrege til ei forbetra fødselsomsorg ved dei institusjonane som tilsynet omfatta.

Nokre funn gir likevel tilsynsorgana grunn til å sjå nærare på enkelte sider ved sin eigen praksis. Det er to funn som peiker seg ut i den samanhengen:

- Det eine er dei mange regionale forskjellane som ser ut til å komme av ulikskapar i framgangsmåten til tilsynsteama.
- Det andre er kor mykje omsynsfull framferd frå tilsynsorgana si side har å seie for at teama skal oppnå tilstrekkeleg tillit. Framferda til teama ser ut til å ha noko å seie for korleis tilsynet blir akseptert, men ikkje for omfanget av gjennomførte endringar.

